



Nilsen & Andersen AS
Torbjørn Andersen
Sandviken 163A

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3813 - 14/15785

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2014

Ferdigattest - gbnr 188/783 Gjervik ytre - garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 143/14

Tiltakshavar: Kjetil M. Soltveit
Ansvarleg søkjar: Byggefirma Nilsen & Andersen AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.01.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.04.2014.

Skildring

Adresse:	Langheiane 24
Bygningstiltak:	Garasje
Bygningsnummer:	300419610
Bruksareal:	48 m ²
Avlaup:	Ingen endring
Vatn:	Ingen endring
Tal på røykløp:	0

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for garasje på gnr. 188 bnr. 783.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3813.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjetil M. Soltveit

Langheiane 24

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Nilsen & Andersen AS

Sandviken 163A

